



Rettleiar for regelverk rundt samtykke – Stafettloggen

1. Generelt om samtykke

Eit samtykke er ein form for «løyve» frå brukaren som gjer at ein tenestemann kan bringe teielagde opplysningar vidare, for eksempel til andre tenestemenn i kommunen.

Dersom brukaren samtykker i at opplysningane vert gjort kjend for andre, vert teieplikta oppheva så langt som samtykket gjeld. Sjå blant anna forvaltningslova § 13 a nr. 1 og helsepersonellova § 22.

Samtykket skal vere frivillig og ikkje vere ei følge av nokon form for press. Brukaren skal helst få tid til å tenkje over situasjonen før samtykke vert signert.

Vedkommande skal orienterast om konsekvensane av å gje samtykke; blant anna kva opplysningar det gjeld, kven som får opplysningane og kva opplysningane skal brukast til. Dette blir beskrive som *informert samtykke*. Arbeidet med samtykkeerklæringar kan derfor vere tidkrevjande.

Eit munnleg samtykke er like bindande som eit skriftleg samtykke. Samtykkeerklæringa bør likevel vere skriftleg av bevis- og dokumentasjons-omsyn.

Ein skal ha ein *tidshorison* i samtykkeerklæringa. Som eit rettleiande utgangspunkt bør ein operera med 2 år som maksimum tid. Merk likevel at eit samtykke kan trekkjast tilbake undervegs.

Eit tilbakekall fører med seg at informasjonsutvekslinga og samhandlinga må opphøyra.

2. Generelt om samtykke for mindreårige

Det skal alltid informerast om kva aldersgrense som gjeld når ein legg opp til at mindreårige skal oppgje personopplysningar!

Føresette har ansvar fram til barnet er 18 år. Dette betyr at føresette skal treffe avgjerder på vegne av barnet. Dette vil sei at når saka gjeld eit barn eller ein ungdom under 18 år, er det i utgangspunktet føresette som skal samtykke.

Det er nokre unntak frå denne regelen;

Ved fylte 15 år kan ein:

- Bestemme sjølv i spørsmål om utdanning og melde seg inn og ut av foreningar jfr barneloven §32
- Som hovudregel ha adgang til å inngå arbeidsavtalar jfr arbeidsmiljølova §11-1
- Inngå arbeidsavtalar, men desse han bli heva av føresette jfr vergemålslova §32
- Disponere eigne midlar jf vergemålslova § 33
- Ha rett til informasjon vedrørande helseforhold saman med føresette jf pasientrettighetslova §3-4 første ledd



Datatilsynet og Forbrukerombudet sine retningslinjer:

- Mindreårige som har fylt 15 år kan samtykke til innhenting og bruk av personopplysningar om seg sjølv
- **Sensitive opplysningar skal berre innhentast med foreldra sitt samtykke.**

Ved fylte 16 år kan ein:

- Gje samtykke til helsehjelp jfr pasientrettighetslova §4-3
- Motta informasjon om helseforhold aleine, med mindre informasjonen er naudsynt for å oppfylle foreldreansvaret, jfr pasientrettighetslova §3-4

Samtykkekompetansen ligg hos dei som har *foreldreansvaret*. Dersom den mindreårige har to føresette med foreldreansvar, er hovudregelen at begge må samtykke.

Dersom det av ulike årsaker ikkje lar seg gjere å få kontakt med begge foreldra, må det kunne bli godteke at berre den eine skriv under samtykkeerklæringa. I slike situasjonar skal ein søkje å dokumentere kva ein har gjort for å få kontakt med begge foreldra.

Det er i utgangspunktet føresette som er nærast til å informere om kven som har foreldreansvaret for eit barn eller ein ungdom, men det kviler på tenesta å i nokon grad kontrollere opplysningane ein får. Folkeregisteret kan vere ei kjelde til informasjon i slike saker.

Frå barnet er 7 år reknar ein at han/ho kan danne eigne synspunkt om kva saken dreier seg om, og skal høyrast om si mening. Ved fylte tolv år, skal det leggjast stor vekt på barnet si mening.

Generelt gjeld det at barnet med alderen skal bli gitt stadig større sjølvråderett. Det er likevel viktig å merke seg at ein mindreårig likevel, som hovudregel, ikkje er samtykkekompetent.

2.1. Helsetenester og helsehjelp

I helseforhold vert det, som nemnt, gjort *unntak* frå 18-årsregelen.

Mindreårige har ved fylte 16 år som hovudregel rett til å samtykke til helsehjelp, og kan sjølv gje samtykke til at informasjon vert gitt, med omsyn til helsetenester og helsehjelp, hpl § 22.

Er barnet mellom 12 og 16 år, avgjer den eller dei med foreldreansvar om teieplikta fell bort, men barnet skal uttale seg.

For barn under 12 år er det føresette aleine som avgjer om opplysningar skal kunne bli gitt til andre.

2.2. Spesialpedagogisk hjelp

Etter kvart som barnet blir i stand til å danne seg eigne synspunkt om det saka gjeld, skal føresette, og andre som har med barnet å gjere, høyre kva barnet har å seie før det blir tatt avgjerder om



barnet sine personlege forhold. Skulen skal syte for at barnet vert høyrd og slik sikre retten til medbestemming og sjølvbestemming. Dette vert regulert i Barnelova og Barnekonvensjonen art 12

I samband med spesialundervisning er det eit *unntak* frå 18-årsregelen: Frå eleven har fylt 15 år er det tilstrekkeleg med eleven sitt samtykke i saker om spesialundervisning, sjå opplæringslova § 5-4. Føresette sitt samtykke er derfor ikkje lenger naudsynt. Likevel er det viktig å involvere føresette fram til eleven fyller 18 år. Det vert også sett som eit krav i opplæringslova § 5-4.

Barn som er fylt 15 år, avgjer sjølv spørsmål om val av utdanning.

Sjå nærare om dette i Utdanningsdirektoratet sin rettleiar om spesialundervisning.

2.3. Stafettlogg - BTI

Dersom det skal opprettast Stafettlogg for barn under 18 år, er det i utgangspunktet føresette som skal samtykke til dette. Deltaking i Stafettlogg og BTI er forankra i *frivillighet* frå foreldra si side.

I og med at Stafettloggen er eit dataverktøy, vil oppretting av logg medføre elektronisk behandling av personopplysningar.

Det må då, i tillegg, signerast eit samtykke etter personopplysningslova § 8 fyrste ledd. Det vert her vist til tilsvarande samtykkeprinsipp når det gjeld behandling av helseopplysningar etter helseregisterlova § 5 tredje ledd.

I arbeidet med Stafettlogg må ein derfor ha løyve frå føresette både i forholdet til elektronisk behandling av personopplysningar og til vidareformidling/utveksling av teiebelagt informasjon.